

Minneskrift

50.-

um

dei vossingar som var med i
krigen 1807—1814 til verjemaal
for fridom og fedraland.



Utgjeve av
veterannemndi paa Voss.

Dette skriftet er utgjeve i samband med at veteranbautaen vart restaurert i 1991.

Enkelte har hevda at det finst nokre feil og manglar i skriftet. Me har likevel av kulturhistoriske grunnar – og etter råd frå Kulturkontoret – prenta skriftet likt det opphavelege.

Det er elles verdt å nemna at steinen vart mykje skadd etter brannen i april 1940. På slutten av 1950-talet vart han flytta til Holbergsplass.

I 1990 vart det funne store sprekker i steinen, noko som kunne føre til at han stod i fare for å rasa saman. Han vart difor teken ned og restaurert vinteren og våren 1991. Dette førte til store kostnader, men ved hjelp frå næringslivet og ein frivillig dugnadsgjeng, kunne den nødvendige restaureringa utførast, og alt stod klart til ny «avduking» 17. mai 1991.

Restaureringsnemnda 1991
Alf Borge Sjur Himle
mai 1991

Skriftet er prenta i Voss Prenteverk utan vederlag.

Minder.

Mindet lader som ingenting,
er dog et lønligt kildespring.
Grundtvig.

I det daglige arbeidsliv har vi saa let for at gaa saaledes op i nuet, at vi glemmer den røde traad af begivenheder og oplevelser, der tilsammenlagt danner saavel det enkelte menneskes som et helt folks historie og giver livet værd og betydning. Glemmer den indsats fædrene har gjort for at skabe lykkeligere forhold og betingelse for livets rigere udvikling hos den slægt som kommer efter og derved efterladt en arv, der som al arv fører forpligtelsen med sig til at bygge videre paa den grund, som fædrene har lagt. Glemmer de lysende begivenheder af ædel daad og mandigt offermod, der kan lyse op i et folks liv og mane de onde smaalighedens vætter ud af vort sind og give næring og nyt liv til vor sjæls bedste trang og higen. Glemmer fremforalt de navnløse, som i farens stund har lydt kaldet til at træde under fanerne, vilige til at ofre liv og blod for hjem og arne,

for bevarelsen af den jord, der gennem aarhundreder har været fædrenes jord og derved er blevet hellig jord for hvert vaagent, tænkende menneske og for bevarelsen og dannelsen af den frihed og selvstændighed, der er en hovedbetingelse for ethvert folks aandelige og kulturelle livs vækst og trivsel.

Og dog, som en understrøm af impulser lever minderne hos ethvert nogenlunde tænkende menneske eller ethvert folk, der ikke helt er dømt til undergang. Lever og banker paa nutidens dør med bud fra svundne tider, tider der har været grundlæggende for de institutioner og den fremgang vi nu trods alt kan glæde os ved.

Minderne, de onde med de gode, er det midtpunkt, hvorm den folkelige og nationale samfølelse samler sig, idet de forskellige slægter alle har baaret noget til her og derved dannet folkets historiske levnetsløb. Historisk sans vil saaledes kun sige, at minderne lever iblandt os og øver sin virkning, og de er levende hos et folk i samme grad, som det er aandeligt og nationalt vaagent. Glemmer et folk sine historiske minder, har det med det samme afskaaret den historiske forbindelse med fædrene, vraget livets fortsættende evne og dømt sig selv til død og undergang. Minderne er saaledes en frugt af aandelig vækst og fremgang, som de er en dybere kilde og drivfjær til videre udvikling.

Vor historie har sine lyse og mørke punkter eller rettere sine lyse og mørke perioder;

vi har saaledes som folk vore lyse og mørke minder. Den tid vi havde fælles statsstyrelse med Danmark har været betegnet som vor histories mørke aarhundreder og det tidligere endog i den grad, at man ikke kunde finde nogen historisk forbindelse mellem dansketiden og tiden efter 1814. Gjennembruddet virkede saa overvældende, at vi til en begyndelse ikke rigtig kunde øine sammenhængen. Senere historikere har dog erkjendt og fundet mere af de historiske forudsætninger for vort 1814 i de tider som gik forud, og jo mere vi lærer at tyde historiens skrift, jo mere vil vi kunne høste frugt af dens lærdomme.

I begyndelsen af forrige aarhundrede var vort land efter alle ydre merker at dømme bragt til undergangens rand. Der var forviklinger over hele Europa, og en alt andet end behændig udenrigspolitik, der jo dengang lededes fra Kjøbenhavn, havde bragt vort fædreland i en stilling, der i længden maatte knække os. Krige med Sverige samtidig som engelskmanden blokerede vore havne og afskar de forbindelser, der var en ligefrem livsbetingelse for vort land. Hertil kom uaar og et ødelagt pengevæsen, saa alle ydre omstændigheder skulde synes at friste til selvopgivelse, da freden blev sluttet i Kiel. Men vort folk havde livets forjættelse over sig og ved at læse fædrelandets historie fra begyndelsen af forrige aarhundrede faar man sin tro styrket paa den livets sunde kjerne

i vort folk, og man styrkes i troen paa historiens Gud.

Ved Kielertraktaten blev vort fædreland uspurgt ligefrem afstaaet fra Danmark til Sverige paa en maade under medvirkning af stormagterne, og under den udarmede og udpinte tilstand landet da befandt sig i enhver henseende, var det jo som et under, at handelen ikke blev fuldbgyrdet uden modstand fra Norge; men vort folk bestod den historiske prøve.

Den danske konge kunde nok løse nationen fra dens troskabsed til den danske throne; men her ophørte ogsaa hans myndighed. Om Norge vilde indgaa i union med Sverige blev nationens egen sag at afgjøre, og nu viste det sig, at trods de lange ydmygelsens tider havde folket sine førere, naar historien kaldte paa dem, og førerne havde nationen i sin helhed med sig som trofast vagt og støtte. Under en alt beherskende fædrelandsk stemning traadte rigssamlingen sammen paa Eidsvold og fik i utrolig kort tid formet den grundlov, der siden har været vort garantidokument for den frihed og uafhængighed, vi nu er i besiddelse af, og som i sine bestemmelser kræver selvstændighedstanken helt gennemført.

Eidsvoldsmændene forstod stillingens alvor; de kjendte landets tilstand, og de vidste hvilke magter de havde mod sig. Det er den baggrund, mod hvilken eidsvoldsmændenes billede maa tegne sig for os, og de vil altid staa ma-

nende for os, naar vort mod synker, og vi fristes til undfaldenhed. Det er saaledes hellige minder som knytter sig til 17. mai 1814, og det er med rette vi hvert aar fremdrager for hverandre minderne om, hvad som hændte paa den dag.

Eidsvoldsmændene stod dog ikke isolerede blandt sit folk, og kunde ikke gjøre det; thi medens de sad tilraads om nationens fremtid, holdt tropperne, som det har været udtrykt, bogstavelig talt vagt om dem. Kjendte tidens ledende mænd til nødstilstanden blandt folket, saa kjendte de menige tropper den ikke mindre; thi barkebrødet var daglig ret for store dele af vort folk i aarene udover fra 1807, og nøden var mer eller mindre gjest i hver mands hus; men modet var oppe og naaede hødepunktet i 1814, da soldaterne paa grund af ledelsen neppe fik udfolde det mod og den djervhed, de var besjælet af; fædrelandet var alles tanke, og fædrelandet var gjenstanden for alles kamp eller virke. En saadan tid sætter mærke i et folks liv ligesaameget ved den indsats som er gjort i sædelig kraft og ophøiet adel, som selve det positive værk som er udført. Og mindet lyser stadig fremover til de slægter, som senere skal vedligeholde og hæve arven.

Tidens ledende og fremskudte mænd har faaet sit navn indskrevet i historien, og det er ret og rigtigt. De mange, som har gjort indsatsen med sit liv og derved indviet fædreland-

dets jord for de slægter som kommer, vil jo i almindelighed alligevel være viet glemselen, hvis ikke en hegnende haand tager sig af dem og paa en eller anden maade faar fæstet deres navne i efterkommernes erindring. Den mest passende maade hvorpaa dette kan ske er at faa deres navne indhugget paa en bauta, der saa senere vil staa der som et stykke historie og minde de slægter som er om, hvad de skylder de slægter som har været, minde om, at fædrelandets jord er dyrekjøbt jord, og den frihed vi nyder er dyrekjøbt frihed, minde og mane om, at det vokser og spirer, det som er saaet og ofret i troskab og tro mod slægtens dyreste eie.

I erkendelsen af, at vi kun har det halve billede, naar vi paa vore 17-maifester drager frem minderne om det, som knytter sig til Eidsvold og de mænd som der tog del i begivenhederne, har en del mænd her paa Voss med hr. Arnfinn Finne i spidsen sat sig i bevægelse for at faa samlet navnene paa de mænd her fra Voss, der deltog i krigene fra 1807 til 1814 og faa deres navne indskrevet paa en rigtig norsk granitsten, der saa senere trofast vil bevare dem fra glemselen til de seneste slægter.

»Mindet lader som ingenting, er dog et lønligt kildespring«. det faar vi haabe ogsaa her vil bekræfte sig, saa bautaen kan tale sit manende sprog til den slægt som nu lever og de slægter som kommer, saa den kan holde erkendelsen

om, hvad vi skylder fædrene og hvad vi skylder fædrelandet, levende. Det er hensigten med at reise veteranerne en bauta, ligesom man finder, at man derved opfylder en pligt mod de mænd, som led og stred for den frihed og selvstændighed, vi nu nyder godt af.

Lars Hellesnes.

Ein grand saga.

Soga um vossakompaniet hev ikkje vore skrivi og vil vel aldri verta skrivi, daa kompaniet jamt hev vore berre ei deild av ei større militær kommando, bataljon eller regiment. Det vesle me her kann fortelja hev me funne noko hjaa Barstad i hans bøker: »Bergens Forsvar« og »Leirdøernes Saga«, noko hjaa Øverland i hans »Norges Historie«, og sumt hev daa formannen i veteran-nemndi, Arnfinn Finne, samla.

Det er ikkje noko sagt beintfram i dei kjeldor me hev bruka um kva slag vossarne var med i; men det er likevel tydelegt aa skyna, naar me samanliknar det dei ymse forfattarar fortel, so det vesle me her kann fortelja um vossarne i 1807—1814 er sætande sogar.

Daa engelsmannen hadde gjort aagrip paa Kjøbenhavn og røva floten aat dei sameinte

landi i 1807, kom fedralandet i krig med England, og fyrst og fremst laut me daa verja havkanten. Bergen var paa den tid den største by i landet og hadde den vigtagaste hamni, og laut daa snarast bu seg paa beste maate til aa verja seg.

Sumaren 1807 vart det so innkommandera til garnisonstenesta i Bergen mesteparten av bergenhusiske regiment, og daa sjølv sagt millom dei vossa-bataljonen, som paa den tid var styrd av oberstløytnant F. H. Meydell. Til bataljonen høyrde 6 kompani: tjugumske, urlandske, vossiske, nørde hardangerske, søre hardangerske og millom-nordhordlandske. Styrar for vossakompaniet var kaptein G. Chr. v. Krogh, og løytnant med kompaniet var prämierløytnant Hans Tausan Möllerop. Forutan dei fleste av vossarne høyrde visst vossastrendingarne til vossakompaniet, medan noko av Voss og Ævanger sokn visst høyrde til med nørde hardangerske kompani, som daa hadde til styrar F. H. Meydell, bataljonsstyraren. Regimentsstyraren, general-løytnant Hesselberg, hadde yverkommandoen yver alle dei tropper som var innkalla til Bergen. Garnisonstenesta i Bergen var vel ikkje so streng; men innhyse og livemaaten var nok ikkje av beste slaget, so det var ikkje nett herredagar dei hadde medan dei var der.

Dei som fyrst vart innkommandera fraa Voss var 37 mann, og dei drog avstad i slutten av august 1807. Etter nyaar 1808 ottast dei aagrip paa Bergen av engelsmannen, og garni-

sonen laut styrkjast med 20 mann fraa kvart kompani. Samstundes fekk landet daa krig med Sverige, og dei maatte senda tropper til Austlandet, og etterkvart som regimentet sende folk austpaa, maatte dei kalla inn nye folk til garnisonen i Bergen.

Leirdølerne vart alt i mars 1808 sende til Austlandet, og i april s. a. vart grenaderbataljonen send, og millom dei var visst noko vossar. Dei drog sjøvegen til Stavanger og seinare i dagsmarsar um Kristianssand. I juni s. a. vart nye tropper sende til Austlandet, i alt kring 500 mann, og millom dei hev visseleg vossarne vore, um det ikkje beintfram er sagt i dei kjeldor me hev bruka. Dei drog um Leirdal og Filefjell, den vanlege marsleidi for dei tropper som vart sende fraa Bergen til Austlandet. Aa fylgja vossarne paa all deira ferd i krigen desse aari, vilde føra vidare enn det her er raad med. Etter som me kann skyna var dei for det meste med ved svenskegrensa i Smaalen, og sikkert er det, at dei var med i slaget ved Berby i september 1808, og det er endaa sagt at dei i det slaget synte framifraa mod og dugleik. Slaget var ikkje av dei store, og hadde vel soleis ingen sers innverknad paa krigen i det store og heile; men det var blodugt, og ein heil siger for nordmannen, so det likevel hadde sitt aa segja og hjelpte til aa auka modet hjaa heren. Det var berre kring 300 mann, som hadde vunne yver ein dubbelt so stor fiendsher.

Frametter hausten 1808 var der ingi større slag, men mange mindre, og truleg hev vossarne vore med i sume av dei, utan at me kann nemna noko sers hende. Gjorde dei kje mykje den hausten, leid folki likevel mykje vondt. Lite mat, daarlege klæde, og dertil eit surt og uhuglegt haustver. Det vart sjukdom og naud paa mange maatar, og døden gjorde daa og sitt verk, so mange her let att augo. Svenskeheren hadde det nok ikkje stort likare, og baae partarne vart daa i slutten av aaret einige um ei vaapenkvild paa uviss tid.

Vossakompaniet fekk i slutten av 1808 ny styrar; det var kaptein C. F. v. Munthe Brun, ein dugande kar, som i januar 1809 vart riddar av Danebrog for framifraa hertenest i krigen 1808; men um det var medan han var styrar av vossakompaniet, veit me ikkje.

I 1809 vart det ikkje mykje gjort med svenskegrensa. Sverige hadde daa samstundes krig med russen, og som me veit var det det aaret nordmannen berga svensken fraa undergang, med di dei lét vera aa draga inn i Sverige medan svensken sjølv hadde nok med aa verja seg imot aust.

I desember 1809 vart det endeleg fred med Sverige, og det meste av herstyrken fekk reisa heim. Leirdølerne og musketerbataljonen av bergenhussiske regiment fekk reisa straks, medan dei andre laut venta ei tid, grenaderbataljonen soleis like til 1811. I Bergen hadde dei etla

seg til aa halda ein rektig gild fest, naar tropperne kom. Det høvde no og so heppeleg, at kongen hadde fødselsdag paa same tid, so dei hadde daa grunnar nok til aa festa; det kom soleis ikkje so lite til meins, at tropperne vart sende beinleides heim i staden for aa møta i Bergen og faa avskil der. Det varde likevel ikkje so lenge fyrr dei fekk ærend aat tropperne til Bergen att, og daa nytta bergensarane høve til aa syna dei den æra dei fyrr hadde etla dei. Ved fredsslutningi vart og alle krigsfangar paa baae sidor bytte, so kvar fekk koma heim til sitt.

I 1810 vart bergenhussiske regiment umskipa, og vossabataljonen vart daa skild fraa regimentet og umgjord til bergenhussiske skarpskyttar-bataljon under norske jægerkorps. Styrar for bataljonen var daa major G. F. Chro. Fasting, som soleis vart fyrste styraren for bergenhussiske skarpskyttar-bataljon. Kaptein C. F. Munthe Brun var framleies styrar for vossakompaniet, til kaptein Michael Nicolai Leegaard i 1813 vart hans ettermann. Det var kaptein Leegaard gamlekarane fraa 1814 kunde hugsaa mest um og som dei ofta tala um.

Etter prins Kristian August vart krunprins i Sverige, saag det ut til berre fred og gode dagar med grannen i aust; men desverre, han fekk ikkje mange levedagarne i Sverige; han døydde alt sumaren 1810. Etter han vart daa, som me veit, marchall Bernadotte vald til svensk trunfylgjar, og han hadde fraa fyrste dagen han

kom til Sverige sett seg til maal aa faa lagt Norge attaat Sverige. Dette visste den dansk-norske kongen, og Norge laut bu seg paa krig att med Sverige samstundes med at engelsmannen gjorde oss alt det mein han kunde, so garnisonen i Bergen laut stadigt vera sterk.

Vaaren 1811 vart det sendt tropper til Austlandet att, millom dei leirdølerne og truleg noko av vossarne; men det vart mest berre grensevakt utan sere hendingar, etter som me kann skyna.

Det hadde no ikkje vore utskrivning av nye mannskap sidan 1807, og sumaren 1812 vart det daa endeleg halde sessjonsmøte omkring i bygderne. Major Chr. Lohmann*) var paa den tid styrar for skarpskyttar bataljonen, og han vart det daa som laut stella med sessjonarne i denne bataljonskrins. Han rakk daa ikkje lenger enn til Vossevangen, for di han laut reisa til Bergen att, og kaptein B. A. de Coucheron heldt fram med sessjonsmøti. Der var kome paabod um aa senda tropper til Austlandet att; difor laut daa major Lohmann gjera vendereis fraa Vossevangen og greida med avmarsen for bataljonen.

Napoleon heldt paa den tid heile Europa vake, og Danmark—Norge var so stelt at dei var mest visse paa aa faa krig, kva sida dei vende seg til. No var det Sverige og Russland

*) Han kom etter major Heedahl, som styrde skarpskyttar bataljonen fraa sumaren 1811 til han døydde vaaren 1812.

dei ottast for, og tyngdi av heren vilde dei daa ha reidug med svenskegrensa.

Vossarne og leirdølerne m. a. var dei som fyrst laut av garde under yverkommando av kaptein de Coucheron. Kvart kompani hadde dessutan sin eigen styrar med. Dei kom likevel ikkje langt denne gongi, fyrr det kom bod um at dei kunde snu heimatt. Truleg hev dei styrande fenge vita at faaren ikkje var so stor som dei hadde ottast. Seinare vart det ikkje sendt tropper austpaa i 1812.

So kom 1813 med nye faarar, og i mai maanad laut mest heile skarpskyttar bataljonen og 2 andre bataljonar av bergenukingarne av garde til Austlandet, og denne gongen var det nok aalvor med dei. Marsleidi gjekk um Leirdal og Filefjell, og seinare nedyver bygderne heilt til Bærum. Her fekk dei troppelæger, og tok for det fyrste til med øvingar, og um det i det aaret vart mykje hertenest for vossarne, er me ikkje visse um. Der var daa nokre slag, og truleg hev vossingarne vore med i sume. Etter utgangen av 1813 fekk me som me veit freden i Kiel, og alt vart daa onnorleis for Norge. Fyrr hadde nordmennene stridt for Danmark like mykje som for seg sjølv; no fekk me vaar eigen fridom aa strida for.

Vossakompaniet hadde, som me fyrr hev fortalt, kaptein Leegaard til styrar, og nördre hardangerske hadde kaptein G. H. Daae til kompanistyrar.

Bergenhusiske skarpskyttarataljon vart lagd under oberstløytnant Stabells herdeild, og vossarne kom med i fleire slag. Det vigtagaste var vel slaget ved Bodals bru i Rakkestad. Nordmannen hadde etla seg til eit hovudaagrip paa fienden; men i siste liten vart Kristian Fredrik tvihuga, og dei maatte vika. Stabell var daa sett til aa verna retrætten, men fekk ikkje den hjelp han var lovd, og laut vika etter steik strid med den svenske yvermagt. Ved Bodals bru kom daa endeleg nye tropper attaat, og til saman heldt dei daa stand der so lenge det gjekk, og drog seg sistpaa undan med god skikk.

Nokre dagar etter var slaget ved Onstad-sund eller Langenes, der vossarne og var med. Det var eit av dei siste slagi i 1814 og var ein heil siger for dei norske vaapen; men dei fekk ikkje løyve av Kristian Fredrik til aa forfylgja fienden.

Medan desse siste slagi gjekk fyre seg, tinga dei um vaapenkviid i Moss, og den 14. august vart daa denne vedteki. So var daa krigen slutt, og soldatarne skulde sleppa heimatt.

Marsruta for bergenhusiske skarpskyttarataljon vart laga soleis: 22. aug. Raaholt i Sørum, 23. aug. Garsjøen, 24. aug. Lunner, 25. aug. kvild, 26. aug. Mustad, 27. aug. Tomlevollen, 28. aug. Hesteskinn, 29. aug. kvild, 30. aug. Sørstrand, 31. aug. Store Kvaale, 1. septbr. Skogstad, 2. septbr. kvild, 3. septbr. Maristuen, 4. septbr. Lysne, 5. septbr. Frønningen, 6. septbr.

kvild, 7. septbr. Stalheim, 8. septbr. Tvinno, 9. septbr. Ævanger, og 10. septbr. Bergen.

Det gjekk daa ikkje so snart som det var tenkt etter ruta. Dei var nemleg ikkje komne lenger enn til Leirdalsøyri den 10. septbr. Her fekk dei so heimløyve med undantak av 16 mann av kvart kompani, som laut til Bergen og avløysa dei fribataljonstropperne som var der i garnisonen.

Bergensarane hadde sendt ei heil horg med mat og drykkjevaror som var etla aat soldatarne paa Austlandet. Desse varor var komne til Leirdalsøyri samstundes som soldatarne kom der paa heimveg, og so vart det altsaman skift ut millom deim til stor hugnad etter den lange og trøyttesame hertenesta.

Soldatarne var daa endeleg heime att for godt; men rektig trygge var dei nok ikkje endaa, so lenge det berre var vaapenkviid og ikkje verkeleg fred. I oktober ottast dei soleis gale, og tropper vart innkalla til Bergen, men berre for ei kort tid.

Daa freden endeleg var vedteken, var det sjølv sagt aalmenn gleda, trass i at folk paa desse kantar var lite glade i unionen.

Mange av dei som var reiste ut kom aldri att, og mange av dei som kom att var helsebrotne for livetidi, so krigen hadde daa kosta landet minst ein ættled.

Dei vossarne som var med i krigen 1807—1814, og det me veit um dei.

Alle dei menn som vert namngjevne her, hev vore med i krigen i fyrre aarhundradet, sume i alle krigar fraa 1807 til 1814, og sume berre i nokre av dei. Um me hev vore gode for aa samla namni aat alle vossar som var med, er me ikkje visse um; me hev daa i vissa røkt etter so godt me hev kunna, og mange er dei ikkje dei som ikkje er komne med, um det i det heile er nokon.

Me fortel daa det me veit um kvar ein-schild av dei, baade um ætti og anna; dei vert meir kjende for oss paa den vis. Dei som berre stend her med snaude namnet hev me ikkje kunna faa noko opplysningar um, trass i all umak.

Kommandersersjant *Jon Jonson Lid* var med i alle krigar fraa 1807 til 1814. Han var fødd paa Lid 1779 og kom med i hertenesta 1801. Var fyrst vanleg soldat, men tente seg upp til høgste underoffisersgrad. Ved umskipingi av heren i 1834 slutta han.

Han var gift med *Marta Monsdotter Dale* og budde paa *Rjoe*, der han aatte gard. Sonen *Jon Rjoe* bur no paa garden.

Furer *Lars Sveinson Brattaaker* var med i 1813, og døydde paa Austlandet ein stad det aaret.

Furer *Torbjørn Eirikson Gjerdaaker* budde sistpaa paa *Kvaale* i Raundalen og var gift med *Geirtrud Johannesdotter Skiple*.

Sersjant *Olav Nilsson Lid* fraa Lid i Raundalen aatte sistpaa gard paa *Kvaale* i Raundalen. Han var bestefar til *Olav Kvaale*, og hev elles mange skyldfolk paa Voss.

Korporal *Johannes Eirikson Mølsterteig* budde paa *Norekvaal*, og var gift med *Kristi Knutsdotter Lemme*.

Korporal *Eirik Knutson Ullestad* døydde ugift 21. juni 1828. Han hev skyldfolk som liver her paa Voss, m. a. skræddar *Knut Larsson Ullestad*.

Korporal *Sjur Person Olde* aatte sistpaa gard paa *Gjerdskvaal*, var gift med *Ragnhild Knutsdotter Rong*, og var bestefar til *Sjur* og *Lars T. Gjerdskvaal*.

Korporal *Olav Steffenson Grevle* vart seinare sersjant, men kom sistpaa ut av tenesta og reiste burt fraa Voss, men vart ikkje seinare fast-buande. Han døydde i *Leirdal*.

Korporal *Andres Oddmundson Prestgarden*, eller som han seinare vart kalla «*Andres me' Brudne*», truleg fordi han budde med brui paa ein plass høyrde *Prestgarden* til.

Korporal *Andres Larsson Svelgane* var fødd paa plassen Svelgane, og budde ogso for det meste paa same plassen til han paa sine gamle dagar flutte til sønerne sine, som daa budde i Nordland.

Korporal *Olav Olavson Rondve* var fødd 1780 paa Rondve. Foreldri aatte heile Rondve-garden. Han kom med i krigen alt i 1807, og døydde paa Austlandet 1809. Han var daa gift, og let etter seg ei dotter, som vart gift og budde paa Orland. Enkja etter han fekk pensjon, og skyldfolk av han eig framleides gard paa Orland. Viking Orland er dotterson hans, og ei grein av ætti bur paa Fjose.

Korporal *Klaus Otteson Uppheim* var med i 1812 og slutta militærtenesta i 1822. Han var tvo gonger gift og hev ei dotter som enno liver, heiter Eli Ukvitno. Han budde paa Dagestad, var husmann i Dagestadhagen.

Hornblaasar *Hallvard Sjurson Tverberg* budde meste tidi paa ein husmannsplass paa Tøn dei kalla Kriken. Son hans er gamle Sjur Vinjo, som enno bur paa Vinjo i Tjukkebygdi.

Olav Ivarson Gjerdstad døydde ugift 1827. Han var gardmann paa Gjerdstad og hev enno skyldfolk paa garden. Brynjulv Gjerdstad var nemleg systerson hans.

Ivar Nilsson Røyrlidi døydde paa Austlandet 24. juli 1814.

Hermund Larsson Eggjareide var husmann i Honveshagen, var gift 1813 med Marta Styrs-

dotter Hegg. Han hev skyldfolk paa Voss, m. a. Hermund Nilsson Væle.

Oddmund Nilsson Nesheim døydde paa eit militærslukehus paa Austlandet i 1814. Han var farbror til Nils Steffenson og Oddmund Steffenson Nesheim.

Nils Andresson Fitjo var med i 1814. Han kom i staden for Styrkaar Olavson Sundve, som døydde paa militærslukehuset. Han vart gift 1820 med Kirsti Aslaksdotter Flatekvaal, og var bestefar til Nils Fitjo. Han døydde 1869.

Ivar Monsson Kvarakvaal var gift 1813 med Kari Jonsdotter Frambære, og var bestefar til Ivar, Lars og Olav Kvarakvaal.

Per Sjurson Kvarakvaal flutte sistpaa til Bergen. Ætti hans liver der enno, men heiter no Pedersen.

Sjur Person Gjerdaaker var gardbrukar paa Fenno, og bestefar til Sjur Fenno. Halvbror hans, Viking Gjerdaaker, reiste til Amerika.

Knut Nilsson Øvsthus døydde paa eit militærslukehus paa Austlandet 1814.

Mattis Larsson Fjose.

Nils Knutson Vinjo var bror til verfar aat Sjur H. Vinjo, Magne Vinjo, og døydde ugift 1877. Han var daa 91 aar gamall.

Lars Larsson Skiple var gardmann paa Skiple.

Brynjulv Torleivson Grauo flutte sistpaa til Bergen, og hev, etter det me veit, ikkje skyldfolk her i landet.

Nils Arnfinnson Gjerde var bror aat oldersgodfar aat Torbjørn M. Gjerde.

Svein Brynjulvson Øvsthus budde i Raundalen, og kom sistpaa paa fatigkassa. Hev vonleg fenge so mykje mein av krigen, at han vart sjukleg og kunde soleis ikkje livnæra seg.

Nils Larsson Ullestad, kanskje best kjend av dei som minnest noko um han med namnet »Gamle Snytten«. Han budde paa Ullestad, var fyrst bygglemann der og seinare husmann. Han var far aat skomakar Lars Nilsson Vangen og bestefar aat skræddar Nils L. Gjermé.

Styrk Styrkson Hegg var gift 1815 med Brita Andresdotter Rykkje, og var husmann paa Davidhaugen i Raundalen.

Nils Nilsson Røyrlidi, bror aat Ivar Nilsson Røyrlidi, som me hev nemnt fyrr. Han budde sist paa Vossastrandi, aatte garden Gilbakken og var gift 1817 med Anna Andresdotter Traa.

Lars Larsson Gjerde var fraa plassen Skjedikane, var far aat Oddmund Skjedikane og Arnfinn Lirhus, men hev ikkje skyldfolk som no liver.

Olav Olavson Bø fraa Raundalen var bror til bestefar aat Godskalk Bø, Dyrvedalen.

Kjel Larsson Gjukastein døydde ugift. Han var bror til bestefar aat Lars og Klaus Gjukastein.

Per Ivarson Kyle — Per med Hylen — budde paa husmannsplassen Hylen paa Gjermé.

Bottolv Vikingson Nedkvitno døydde paa eit militærjukehus paa Austlandet 1814.

Lars Halldorson Løno var gardmann paa Løno; ætti utvandra til Amerika.

Mons Andresson Rykkje var gift 1816 med Ingegerd Mikkjelsdotter Klyve, og budde etter det me veit paa husmannsplassen Klyvshuset.

Eilev Knutson Kolve.

Knut Knutson Finne døydde ugift 1865. Han var bror til bestefar aat Klaus K. Finne, Klaus J. og Nils J. Finne. Han vart teken fange i krigen.

Nils Knutson Lirhus, bror aat Knut K. Finne, vart gift 1813 med Ragnhild Brynjulvsdotter Traa. Han vart gardmann paa Lirhus, og var bestefar aat Nils og Torstein Lirhus m. fl.

Knut Eirikson Finne var gardmann paa Ullestad, og vart gift 24. april 1810 med Gudveig Knutsdotter Ullestad. Han var bror til bestefar aat Arnfinn, Eirik og Ivar Finne. Han var ein helsebroten mann daa han kom heim fraa krigen, og vart aldri frisk att.

Lars Olavson Høyland døydde paa Austlandet 1814. Han var farbror aat Olav Styrkson Høyland.

Nils Torsteinson Tverberg var gift 2 gonger, og var husmann paa Skjerve. Han vart utkommandera i januar 1814 i staden for Lars Høyland.

Lars Mikkjelson Ygre var husmann i Ygreteigen, og døydde ugift 1827.

Baard Kolbeinson Bære budde sist paa garden Engjaland paa Vossastrondi. Der bur enno

av skyldfolki hans paa Engjaland, og sume hev flutt her til Voss att.

Brynjolv Ivarson Lemme døydde 1840. Han var bror til bestefar aat Eirik A. Lemme.

Olav Helgeson Bakkatun var ei tid husmann paa Tymberaalen, men flutte fraa Voss og budde sidan paa Kvannøyi.

Mass Eirikson Lydvo var gardmann paa Lydvo. Han vart gift 1826 med Anna Godskalksdotter Eide, og var far aat Godskalk Eirikson Lydvo. Han døydde 1869.

Svein Haakonson Reime var bestefar aat Svein Palmefossen og Ivar Uppkvitno.

Torstein Hermundson Ygre var ei tid gardmann paa Rokne og reiste sistpaa til Amerika. Han var bror til bestefar aat Isak K. Ygre.

Nils Olavson Bakkatun budde ei tid i Hauge-sund. Han var bror til oldersgodfar aat David Bakkatun og hev skyldfolk paa Bakkatun, Møen, Bauthus og paa Rykkje.

Andres Olavson Ringheim var fødd paa Nyre 1782, vart gift med ei enkja paa Vette Ringheim, og budde der til han døydde 1835. Han var den fyrste som vart gravlagd paa kyrkjegarden i Lekvemoen. Han var bestefar aat Tormod Ringheim og hans systkin, og farbror aat Anna Kronstad.

Nils Andresson Ygre eller *Brekke* var ei tid lensmannsdreng, og vart gift 1837 med Ragnhild Larsdotter Brekke. Han var gardmann paa Brekke til han døydde 1865, 77 aar gamall.

Han var bestefar aat Knut A. Raugstad, som no bur paa Ringheim; resten av skyldfolki hans er i Amerika.

Styrk Sjurson Lassehaug var husmann paa Lassehaug.

Mikkjel Steffenson Skjerve budde paa Skjerve. Der var i systkinflokken 7 brør, som alle var uvanleg sterke. Mikkjel var bror til bestefar aat Steffen Tverberg.

Knut Knutson Dolve var gardmann paa Dolve til han døydde 1835. Han var bestefar aat Johannes Dolve.

Andres Torgeirson Graue var gardmann paa Graue og gift 1812 med Brita Isaksdotter Gjelle. Han var bestefar aat Andres Larsson Graue og hans systkin.

Olav Vikingson Ygre var fraa plassen Ygres-
huset.

Knut Steffenson Grevle var gardmann paa Grevle, og var gift tvo gonger. Sonen hans, Olav, kjøpte gard paa Grjotland, og paa den garden bur no sonasonen Ivar O. Grjotland.

Oddmund Brynjulvson Traa døydde paa Austlandet 16. mai 1814.

Arne Arneson Skiple var farbror aat Nils og Olav Skiple og Olav Bryn.

Andres Aslakson Flatekvaal døydde berre 32 aar gamall den 30. juni 1821. Han fekk blodstyrting medan han var i kyrkja, midt under preiki. Han var bror til bestefar aat Olav Aslakson Flatekvaal og hans systkin.

Godskalk Eirikson Seim vart utkommandera 1812. Han var fødd 1788, og gift 1817 med Guro Brynjulvsdotter Liland, budde paa garden Berge, og bleiv i Seimsvatnet 1820.

Nils Eirikson Seim var bror aat Godskalk E. Seim, og hev mykje skyldfolk paa Voss. Han var far til Brynjulv Glymmeshaugen og Godskalk Seim og bestefar til Nils E. Seim, som no bur paa garden. Han vart gift 1813 med Gudrid Brynjulvsdotter Liland, og aatte gard paa Seim til han døydde 1850.

Han kom med alt i 1807, og var i garnisonstenesta i Mandal og Kristiansand, so han vonleg hev vore med dei som drog til Kristiansand i 1808.

Halle Erlingson Væte var gardmann paa Væte, men reiste seinare til Amerika. Han vart gift 1817 med Brita Andresdotter Berge.

Nils Nilsson Nesthus var gardmann paa Nesthus og gift 1803 med Marta Brynjulvsdotter Liland. Han var oldersgodfar til Nils N. Nesthus, som no bur paa garden. Han var utkommandera 1807, og var m. a. i garnisonstenesta i Kristiansand.

Nils Mikkjelson Gjerald var fødd 1771 og døydde 1845. Han var gardmann paa Gjerald og far til Nils og Lars Gjerald.

Lars Mikkjelson Gjerald, bror til Nils M. Gjerald, var fødd 1784, og gift 1817 med Marta Sjursdotter Finne, fraa plassen Grjotateigen; han døydde 1853. Han var plassmann paa Leir-

flaaten, som hørde Gjerald til, og kom sistpaa i legd paa Bordalen. Han var far til Sjur Sætrethagen og morbror til Brynjulv Hefte paa Vangen.

Olav Sveinson Gjernes var ætta fraa Hallingdal og budde fyrst paa plassen Helgavangen paa Gjernes, til han i 1807 vart gift med ei gardmannsgjenta paa Dukstad, den parten dei kalla Ljosleitet. Skyldfolket hans bur enno paa Dukstad. Han døydde paa Austlandet 1814.

Knut Larsson Bryn eller *Rokne* var fødd 1787 og var gardmann paa Rokne, var gift 1817 med Kristi Olavsdotter Saue, Borstrondi, og døydde 1873. Hev mange skyldfolk paa Voss, var soleis bestefar til handelsmann George Rokne paa Vangen og hans systkin. Han vart utkommandera i 1813.

Brynjulv Steffenson Bryn budde paa plassen »Sveona«. Han vart gift 1815 med Marta K. Ullestad, og var bror til bestefar aat ordførar Bjørgum og hans systkin.

Knut Steffenson Bryn, bror til Brynjulv S. Bryn, var fødd 1784 og gift 1811 med Ingebjørg Monsdotter Lid. Same aaret vart han og utkommandera. Han fekk gard paa Lid med kona, og var bestefar til Knut N. og Lars N. Lid og deira systkin. Dei fleste av skyldfolket hans elles bur og enno paa Lid-gardarne.

Lars Klausson Mosafinn vart utkommandera i 1811 og døydde 1874, 91 aar gamall. Han var far til Andres Lekve og morbror til Klaus

og Olav Mosafinn. Det vert hermt etter han, at han saag tvo svenskar etter einannan falla for kulorne hans.

Bjørne Torgeirson Røte, eller Bjørne Kvaale, var gardmann paa Kvaale i Gullfjordungen, og var gift 1819 med Brita Ivarsdotter Lydvo. Han var bestefar til Bjørne Kvaale, som no bur paa garden, og hans systkin. Han var ein av dei faae som var med i alle krigar fraa 1807 til 1814, og var ein framifraa djerv og uthaldande kar. Han døydde 1869, 85 aar gamall.

Nils Isakson Skjoldlid var gardmann og bestefar til Nils Skjoldlid som no bur paa garden. Ei dotter hans er gift med David Gjerme.

Mattis Person Uppheim budde paa Bergshaugen, og vart gift 1820 med Sigvor Olavsdotter Berge. Han døydde 1870, 87 aar gamall.

Olav Godvinson Himle var fødd 1783, utkommandera 1809, og døydde 1863. Han var plassmann paa Gjeraldstveiti, og var bror til bestefar aat Eirik H. og Ivar H. Himle og deira systkin.

Lars Erlingson Skutle var siste aari han livde i legd i Øvre Tjukkebygdi. Han var og ein av dei som var med heile tidi fraa 1807 til 1814, og døydde kring 1860. Han var bror til bestefar aat Lars Dukstadhagen.

Knut Gudleikson Sæve var fødd 1785, utkommandera 1811, gift 1822 med Guro Knutsdotter Hæve, og døydde 1859. Han var plass-

mann paa Vossabakken, og far til Gudleik Gjernes og hans systkin.

Olav Olavson Kinne var fødd 1781, utkommandera 1811, og gift 1815 med Ingebjørg Knutsdotter Vivaas. Han var plassmann paa Vivaashaugen og hadde ein son som enno liver, heiter Olav Fenne.

Lars Larsson Haugo var gardmann paa Haugo og gift 1815 med Seselia Arnfinnsdotter Bryn. Egteskapet var barnlaust.

Gudleik Olavson Gjerald.

Lars Mikkjelson Takla var fødd 1784, utkommandera 1812, og gift 1817 med Maria Larsdotter Istad. Han fekk gard med kona, og var daa gardmann paa Istad til han døydde 1827.

Torbjørn Knutson Vestrheim var fødd 1785 og utkommandera 1811. Han hev skyldfolk paa Vestrheim.

Torgils Knutson Vestrheim, bror til Torbjørn K. Vestrheim, døydde ugift. Han var bror til bestefar aat Olav Vestrheim.

Nils Olavson Træn var gardmann paa Træn og gift 1820 med Marta Klausdotter Mosafinn.

Knut Erlingson Kvitno døydde 1871, 89 aar gamall. Han var verfar til Styrk Kvitno; det meste av ætti elles er i Amerika.

Klaus Halldorson Glymme var bror til bestefar aat fanejunkar Rognald Glimme. Han fall i slaget ved Onstadsund 1814.

Trond Knutson Græe var fødd 1783, utkommandera 1809, og gift 1827 med Brita Eiriks-

dotter Lydvo. Han var gardmann paa Græe, og var far til Knut Græe. Han var ogso med i slaget ved Onstadsund.

Styrk Knutson Græe, bror til Trond K. Græe, var fødd 1785 og vart utkommandera 1812. Han budde all sin dag paa Græe.

Nils Olavson Rokne døydde ugift i ung alder. Han var ein stor spræk kar, som dei den tidi han var ute i krigen kalla »bjødlekyræ« for di han alltid var den fremste i marsen.

Olav Olavson Rokne, bror til Nils O. Rokne, var fødd 1787 og utkommandera 1813. Han var noko nervøs av seg, og leid soleis ikkje so lite naar han var med i slag.

Eirik Styrkson Seim var gardmann paa Seim i Vikine. Han var gift 1809 med Ingegerd Klausdotter Mosafinn, og hev skyldfolk som enno bur paa garden.

Andres Jørgenson Kvitno var gift 1813 med Rannveig Bjørnesdotter Gjelland, og var bestefar paa morsida til handelsmann George Rokne paa Vangen.

Sjur Olavson Skjeldal var fødd 1783, utkommandera 1811, gift 1817 med Rannveig Olavsdotter Træn, og døydde 1873. Han var far til Olav Skjeldal, smed paa Ævanger.

Ivar Bjørneson Roe var fødd 1785, utkommandera 1811 og gift 1813 med Rannveig Ivarsdotter Tillung. Han fekk gard med kona, og budde daa paa Tillung til han døydde 1858.

Han var far til Brita Tillung, kona aat Kolbein Tillung, og bestefar til Ivar V. Dymbe.

Torgeir Styrkson Gjernes var fødd 1789 og utkommandera 1813. Han var bestefar til Torgils Hæve.

Per Erlingson Væle var gardmann paa Væle. Han var fødd 1783, utkommandera 1811, og døydde kring 1830; var gift med Ingebjørg Nilsdotter Gjernes, og hadde berre ein son, som døydde ung. Han var farbror til Erling Rykkje.

Styrk Aslakson Gjernes var fødd kring 1783, gift med Geirtrud Honve. Han budde fyrst paa farsgarden Gjernes, men flutte seinare til Rokne og var gardmann der til han døydde 1841. Han var far til Olav S. Rokne.

Lars Andreson Rong var fødd 1788, utkommandera 1813 og døydde paa Rong 1867. Han var far til Vaktmeister Qvitne i Stavanger.

Andres Monsson Lidsheim var ugift, og var paa sine gamle dagar i legd paa Dalarne.

Tormod Oddson Himle var sistpaa gardmann paa Grove i Raundalen. Ei dotter hans, Anna Grove, liver enno, og Tormod Grove, som no bur paa garden, er dotterson hans.

Ivar Knutson Kvaale var gardmann paa Kvaale i Gullfjordungen. Han vart gift 1827 med Guro Sveinsdotter Lydvo, og var far til Brita Kvaale, vermor aat Klaus J. Finne, som no bur paa garden. Ivar Kvaale hørde til fribataljonen.

Knut Johannesson Raugstad var gardmann paa Raugstad. Han vart utkommandera 3 gon-

ger, fyrste gongen i 1808 nett fyrr han skulde halda brudlaup. I 1810 fekk han koma heimatt, og vart daa gift med Anna Jonsdotter Dagestad. Han var bestefar til Knut K. og Anders K. Raugstad og deira systkin, og døydde 1839.

Nils Bjørneson Gjelland var gardmann paa Gjelland, gift 1810 med Ingegerd Knutsdotter Finne, og var bestefar til Nils og Klaus Gjelland og deira systkin. Han døydde 1870.

Viking Torgeirson Græe var fødd 1787 paa Græe, gift med Marta Oddsdotter Sondve, og var det meste av si tid plassmann paa Flatekvaal. Han døydde 1871, og var bestefar til Odd Eirikson Rjoe paa Vangen.

Knut Steffenson Gjerdstad døydde paa Austlandet 1813. Han var færbroder til handelsmann Styrk Ullestad paa Vangen. Noko av skyldfolket hans bur enno paa Gjerdstad.

Baard Johannesson Røyrlidi — Baard Teigo — var gift 1836 med Ragnhild Larsdotter Hellev, og døydde 1870. Han høyrde med til fribataljonarne.

Olav Jørgenson Ringheim var gift 1817 med Geirtrud Olavsdotter Uppkvitno og døydde 1864, 83 aar gamall. Han var bestefar til Styrk K. Lirhus. Høyrde til grenaderarne.

Johannes Halldorson Bø var eigentleg modøl, men flutte til Voss i 1840, fekk seg gard paa Bø paa Dyrvedalen, og budde der til han døydde i 1879. Han var den som livde lengst

av gamlekararne fraa 1814 her paa Voss. Han var bror til bestemor aat Jon Halldorson Bø.

Eirik Monsson Vangen, mest kalla »Sluttar-Eirik«, med di han var sluttar i fengslet paa Vangen fyrr krinsfengslet vart bygt, var fødd paa Gavle paa Vossastrondi, og var far til Nils E. Ringheim.

Nils Arnbjørnson Haugo vart riddar av Danebrog, »fekk æreteikn« for rask og modig daad i krigen. Det hende han sermerkte seg i, skal me fortelja um seinare. Han vart 2 gonger gift, fyrste gong 1818 med Anguna Knutsdotter Dukstad, og andre gongi 1832 med Synneva Knutsdotter Vinsand. Tvo av døtterne hans, Anna Takla og Anguna Saue, liver enno.

Torgeir Aslakson Eimstad var gardmann paa Eimstad. Han var fødd 1780, gift 1811 med Ragnhild Arnfinnsdotter Rogne, og utkommandera same aaret.

Olav Brynjulvson Liland var gardmann paa Liland. Han var fødd 1778, utkommandera 1807, og døydde 1849. Han var bestefar til Godskalk Liland, som no bur paa garden, og hans systkin.

Steffen Brynjulvson Giljarhus vart teken fange i krigen og kom aldri heimatt.

Hallvard Brynjulvson Giljarhus var bror til Steffen Giljarhus og til bestefar aat Nils B. Gjerdstad. Dei var baae brøderne namngjetne for aa vera framifraa spræke karar. Hallvard var paa sine gamle dagar i legd i Borstrondi.

Lars Knutson Rong var fødd 10 januar 1782 og vart utkommandera alt i 1807. Han var ein stor og velvaksen kar, som dei hadde vanskeleggt for aa faa høvelege sko og klæde til daa han kom i krigen. Han skamfraus daa og paa føterne, so han ikkje kunde gjera hertenesta meir. Seinare vart han sjukepassar, og døydde ein stad paa Austlandet av nervefeber.

Forutan dei opplysningar me hev kunna samla um gamlekararne og deira skyldfolk, hev me og funne fram det me hev kunna av dei segner som enno er i bygdi baade um dei og fraa dei. Det meste av dette tek me daa med her; det vil hjelpa mykje til aa skyna betre kva dei verkeleg hev lote røynt i krigsaari. Mange av desse segner namngjev kvar hendingarne hev gjenge for seg; men dei flestalle segjer ikkje noko um det, og i dei høve lyt og me her berre halda oss til det som er fortalt, at det t. d. hende med ei bru eller ei elv o. s. b., daa det er umogelegt aa finna nokor rettleiding til ei næmare utgreiding um staden for desse hendingar.

Nils A. Haugo var ein gong i eit slag komen burt fraa dei andre, og vart daa strakst etter forfylgd av ein svensk ridar, som naadde han att og dreiv hesten yver han tri gonger; men siste gongen fekk Nils høve til aa stikka bajonetten i brjostet paa hesten. Hesten sturta, og Nils fekk koma seg undan eit stykke, men vart

so hangande fast i eit risgjerde han skulde yver, og svensken var daa etter han og hogg til han tri gonger, og spurde um han vilde gjeva seg yver. Nils svara daa, at hadde han teke helsa hans, kunde han ogso taka livet. Svensken reiste daa fraa han, og Nils kom seg vidare og leita etter kameratarne; kom han so til ei elv, men paa andre sida aat elvi var fienden. Han sprang daa paa elvi og let seg reka med strau-men; paa den maaten kom han framum fienden og fann daa tilsist kameratarne. Seinare gjekk nokre kameratar med han dertil som svensken hadde rent paa han, og der laag daa hesten daud med byrsa ved sida og bajonetten i seg. For den daad var det Nils Haugo vart riddar av Danebrog.

Han kom daa paa sjukehuset og vart lig-gjande der i tjuge vikor, og talmast so burt medan han laag der, at ein av kameratarne som hadde vitja han, mest ikkje kjende han att.

Militærlækjarane dei hadde den tid var nok ikkje rare, mange av dei. Soleis hende det at yverlækjaren ein gong vart vis med at ein underlækjar hadde ein pakke som saag ut til litt av kvart. Daa so yverlækjaren fekk vita at mange hadde fenge av innhaldet av pakken, og at verk-naden hadde synt seg som han ottast, fekk underlækjaren straks avskil. Mannen hadde av soldatarne fenge namnet »storedreparen«. Sjukehusi var vel ikkje heller av beste slaget, so

noko vidare hugnad var det vel ikkje for dei som laut leggja seg inn der.

Bjørne Kvaale vart ein gong han hadde post paa ein haug vis med at ein svenske sikta paa han. Han kasta seg daa snøgt ned og hørde med det same at det small og kula kveintett yver han.

Ein gong fekk sidekameraten hans ei kula so han stupte. Bjørne trudde daa at mannen var ferdig; men han reiste seg uppatt med det same like god. Kula hadde nemleg treft feltflaska hans og kom ikkje lenger. Det var nok mange gonger det hende at feltflaska var skjoldaat soldaten.

Ein gong hadde Bjørne mist brødposen sin straks etter at han hadde fenge mat i han til 5 dagar. Det var i eit slag, so fienden ikkje var langt undan, og det var soleis vaagsamt aa gjeva seg ut paa leiting; men aa vera utan mat i 5 dagar var heller ikkje morosamt, so det fekk vaaga seg um kulorne kom han for nær. Han sprang daa attende, og var so heppen at han fann brødposen; men daa var svenskarne tett innpaa han. Paa tilbakarvegen sprang han langsmed ei elv, og han hørde daa kor kulorne hagla i elvi; men han slapp likevel undan og kom seg heilskinna att til kameratarne. Dei kom seg daa yver elvi og reiv ned brui med same, so vegen vart stengd for svensken.

Ein gong dei nett hadde laga seg ei god maaltid kjøtmat, gjekk trumba, og dei laut slaa

maten i kjelarne att og røma so fort dei kunde.

Lars Skutle var ein gong saman med ein kamerat ute paa vakttenesta. Lars fekk daa eit snarærend til leds, og med det same saag kameraten nokre svenskar koma, og ropa daa til Lars at han laut skunda seg. »Kor mange er dei?» sa Lars. »Tri«, svara kameraten. »Aa, dei skal me nok klara,« sa Lars, og det vart nok til det at dei tri svenskarne laut lata att augo.

Lars Skutle vart teken fange. Han hadde gjenge seg fast med ein skigard, og nokre fiendar var daa tett innpaa han, og gav han eit hogg yver handi, so han vart hjelpelaus. Han vart daa førd langt inn i Sverige og sett inn paa ei festning saman med mange andre. Dei hadde det svært vondt daa, so han seinare jamt kom paa graaten naar han fortalde um det. Dei var um hausten 30 fangar, og av dei livde berre 15 daa vaaren kom.

Han var fange tvo aar, og kom ikkje heimatt fyrr ufreden var ende. Truleg hev det vore i 1810, for Lars kom ogso seinare med i kriggen att.

Knut K. Finne vart teken fange ved Onstad-sund. Der var kome uskikk paa tropperne, leidarane var burte, og kvar fekk syta seg sjølv so godt han kunde. Knut var daa vorten aaleine i ein skog, og saag daa eit stykke burte tri soldatar som han trudde var av kameratarne, og gjekk til møtes med dei. Han saag likevel snart

at det var svenskar, og prøvde røma, men det var for seint. Dei sikta alt paa han og ropa etter han: »Spar deg, bagge!» og daa han ikkje saag seg nokon utveg, kasta han byrsa og lagde seg ned i lyngen. Daa dei kom burt til han, spurde han um dei no vilde drepa han; men til det svara dei at no var han deira ven. Han vart daa saman med mange andre førd til Fredrikstad. Ikkje lenge etter kom kapteinen hans, Leegaard, og ein vossastrending, heitte Eilev Slæn. Dei vart stengde inne i eit stort hus og fekk dei fyrste tvo dagarne korkje mat eller drykk. Dei sameinte seg daa um aa røma, og den som var fyremannen for det verket var ein stor spræk kar heitte Hannestad, bror til ein Hannestad som var prest her paa Voss og døydd 1815. Dei kom seg ut, men daa vakti vart vis med det, vart offiserane henta, og etter fangarne hadde fortalt at dei hadde brote seg ut for di dei heldt paa svelta i hel, gjekk dei innatt, og dei fekk det daa noko betre. Hannestad var den som var maalsmannen deira for offiserane.

Knut Finne kunde aldri lika svenskarne meir, og lenge etter at han var heimattkomen vilde han naudleg laana hus til ein langframande, um han fekk vita det var svenske. Lite lika han og sambandet med Sverige.

Han var sjukleg etter han kom heimatt. Det var helst føterne som var laake, det same som plaaga det fleste av dei som hadde vore ute i krigen.

Lars Gjerald vart og teken fange. Det var i eit slag nokre vart trengde burt fraa hovudeildi og tok paa røma. Dei kom til ei elv og yver paa andre sida av elvi; men der møtte dei ogso svenskar, og dei laut daa gjeva seg yver.

Dei vart stengde inne i eit stort kaldt hus med berre auren til golv, og likte seg som venteleg var ikkje mykje. Dei var daa gode for aa koma seg ut, trass i at dei berre hadde fingrarne aa hjelpa seg med. Daa dei var utkomne, vart vakti vis med dei, og det bar paa forfylgjing. Dei sprang so godt dei orka, og kom til slutt paa kvar sin kant, so Lars vart aaleine, og han hørde aldri seinare meir til kameratarne. Ein av dei som var med den gongen var ein vossastrending heitte Gudleik Hommedal. Det vart gjort mykje for aa røkja etter kvar der vart av han; men dei fekk aldri greida paa det.

Anders O. Ringheim vart teken fange og førd langt inn i Sverige. Der var han fyrst saman med mange andre i eit stor fangehus, men vart seinare send ut paa bygderne i arbeid hjaa bønderne. Reinsemd i var nok ikkje den beste paa gardarne. Krigsfangarne vart sette til aa berja korn, og for aa halda den rette »disciplin i rekkjorne«, laut dei stund imillom ha skjortet av seg og bruka tusti paa det ein grand.

Anders Ringheim var helsebroten etter han kom heimatt.

Det var nok mange av vossarne som laut

prøva fangelivet i Sverige. Steffen Giljarhus vart ein gong forfylgd av fienden og saag tilsist ingen annan utveg enn aa springa paa ei elv. Han sumde tri gonger yver elvi, men fienden gav seg ikkje. Dei skaut paa han so han fekk skade baade paa eine foten og eine handi, og han laut daa gjeva seg yver. Han vart førd inn i Sverige og halden i eit stort fangehus saman med mange andre. Daa han hadde vore der ei tid, kom ogso Lars M. Gjerald til same staden og vart motteken med eit velkomen fraa Giljarhusen, som daa berre hadde ein arm. Han var likevel ikkje verre enn at han gjorde eit rundkast med same han saag Lars Gjerald koma. Lars Gjerald kom heimatt daa me fekk fred, men var sjuk i føterne heile tidi seinare.

Dei vossar som fall i krigen hev det vore vanskelegare aa faa opplysningar um. Um Klaus Glymme er det likevel fortalt, at han fall i slaget ved Onstadsund. Dei laut røma og skulde kliva yver eit gjerde. Halldor Tverberg, som var med han, hoppa yver, men Klaus laut kliva, og med same fekk han ei kula, so han fall ned og var straks død.

Daa kaptein Leegaard saag Klaus fall, ropte han: »Der fall Gjerald!« Men Nils Gjerald, som ikkje var langt undan, svara daa at han nok stod han endaa.

Gravleggjingi var det nok ikkje mykje fyre-seggjerd med. Klaus Glymme fekk ei frisk grastorva yver andlitet, og det var heile likbunaden.

Det er fleire av gamlekararne som hev fortalt um hendingar fraa slaget ved Onstadsund, og daa hev det alltid høyrst ut for at nordmannen laut røma. Slaget var likevel ein heil siger for nordmannen, so anten hev gamlekararne ikkje kunna minnst rett um staden for slagi, eller og var det so, at nordmannen laut røma etter paabod fraa Kristian Fredrik. Det veit me ikkje noko um; det einaste me veit i so maate er at dei ikkje fekk forfylgja fienden etter at han var slegen, og det hende nok fleire gonger. Soleis hende det ogso ein gong at bergenhusingarne heilt upp neitta aa lyda, daa dei ikkje fekk gaa paa i eit slag.

Ivar Tillung fortalde at han saag, eller rettare høyrde fyrefar fyrr han drog i krigen. Det var ei jolafta seint paa kveld at han skilleg totte han høyrde trumba, um lag som naar dei slær til reveljen. Han trudde fyrst det var ein tambur paa grannegarden som moroa seg, men fekk seinare vita at det likevel ikkje var det, og han meinte daa det var varsel um det som skulde koma.

Medan han var i krigen, hende det ein gong at han kom burt fraa kameratarne. Dei var forfylgde av fienden, og Ivar kom seg inn i ein rugaaker, so fienden ikkje gaadde han; men daa dei var farne framum, skaut han etter dei og høyrde med same einkvar skrika. Um det var nokon han hadde treft, fekk han ikkje vita, daa han laut sjaa koma seg undan so snart han kunde.

Nils Ullestad meinte svenskarne var ikkje rare skjotarar. Det hende soleis ein gong han vart forfylgd av fienden og dei skaut so han skilleg saag kulorne kor dei rispa i bakken, men dei trefte ikkje, og han kom seg daa sistpaa inn i ein skog og var berga. Han let paa det, han vilde heller vorte skoten av svenskarne fyrr han vilde late seg taka fange av deim.

Nils Olson Træn var ein gong i eit slag komen burt fraa kameratarne. Meden han gjekk gjennom ein skog, møtte han ein svenske som ogso var komen burt fraa sin tropp. Dei kvakk noko med same dei vart vis med kvarandre, men lest elles ikkje gaa noko. Dei kom i snakk og vart einige um at dei ikkje skulde gjera kvarandre noko vondt; men svensken var nok ikkje aa lita paa, for Nils var ikkje komen langt daa han høyrde ei kula kvina framum øyro. Han saag seg daa attende og vart vis med at svensken heldt paa lada byrsa att, so det galdt um aa vera snar, um han skulde berga seg. Han hadde byrsa ferdig, sprang etter svensken til han mest naadde han med byrsepipa. Han var vorten arg, og med same han let skotet brenna laust, ropte han: »Hinmannen skal læra deg!« Paa sine gamle dagar klaga Nils likevel ofte yver at han hadde gjort dette.

Torstein H. Ygre var ein gong so uheppen han miste ein feltkjel i ei elv, og det vart daa kravt at han skulde betala kjelen; men Torstein meinte han var ikkje pliktug til det. I minsto

laut dei daa vera fleire um det, syntest han, og der vart ein heil strid um dette.

Ikkje lenge etter kom vossarne med i slaget ved Rakkestad, og der fekk Torstein ei kula so han stupte. Lars Skutle stod tett med og ropte daa, at no er den kjelen betalt. Torstein reis likevel uppatt; kula hadde trefte feltflaska, som vart knasa, men livet var berga. Han gøymde seinare baade kula og den sundslegne flaska, og det er sagt at han ogso hadde det med daa han reiste til Amerika.

Svein B. Øvsthus og nokre kameratar hadde ein gong krope inn under ein heller for aa finna trygd. Best det var høyrde dei svenskar uppe paa helleren segja: »Her er visst baggar under fjellet.« Svein retta daa byrsepipa upp og skaut paa ei von uppyver helleren, og straks etter fall der ein svenske ned. Han var daa død. Dei andre svenskarne vart daa ferdige fraa helleren i snaraste laget.

Johannes Bø var ein gong med dei skulde forsvara ei bru. Svenskarne gjekk hardt paa fleire gonger, og sistpaa laut daa nordmennerne ogso vika, men fyrst skar dei av brui, og mange svenskar drukna. Bønderne som budde der vart ille ved, daa brui var øydelagd. Um hestar gjekk i engi deira, sa dei ikkje so mykje, men brui vilde dei naudleg ha mist.

Som me fyrr hev fortalt hadde soldatarne meir krigarmod enn dei fekk bruk for, etter di leidarane alltid fann det var klokaste aa vika,

og etter kva sume forfattarar fortel, so vilde vossarne gjerne vera i fyreenden, naar striden var heitast. M. a. hev Ludv. Daae halde dette fram i boki si um Meltzow-ætti.

Etter all denne retrætkommando hev soldatarne sistpaa vorte mistrugne, kann me skyna. Nils Haugo fortel soleis at dei ein gong skulde forsvara ei bru, og svensken skulde aldri ha vunne yver dei den gongen, um der ikkje hadde vore svik med i spelet. Dei hadde fenge for store kulor, og daa kapteinen vart vis med det, gret han.

Me hev tidlegare fortalt at det kunde vera so ymse med militærdoktarane i krigen. Offiserarne kunde der vel og vera baae slagi av. Likevel er der ikkje namngjeven nokon dei var sers misnøgde med; men dei hev nok ofte vore noko hardhendte, naar dei skulde halda manns-tukt. Nils Gjelland hev soleis fortalt at dei ein gong hadde ein sinna løytnant som kvar morgon gav *den* juling som sist vann seg ut. Soldatarne vart daa einige um aa gaa paa døri straks dei høyrde løytnanten taka i henne um morgonen og paa den maaten slaa han ned og springa yver han. Dei so gjorde, og seinare var dei fri prylestraffi aat løytnanten.

Knut Finne var ein gong med der kom uskikk paa kompaniet. Det kløyvde seg i tvo greiner og Knut høvde til aa koma midt imillom flokkarne, daa han var uviss um kva kant han skulde gaa til. Kapteinen vart daa so sinna, at han lyfte sabelen sin og vilde slaa til han. Knut gav seg undan, so sabelen gjekk so hardt i marki at han brotna. Daa sidekameraten, Lars Fjeli fraa Vossastrondi, saag dette, lo han so høgt at kapteinen gaadde det, og med det var Knut berga, for no var det sidekameraten som kom til aa faa svida for det heile.

Medan dei laag i garnisonen i Bergen, hende det og ein gong so Knut Finne saag det, at ein kaptein slo til ein soldat; men daa soldaten truga med aa klaga til kommandanten, laut kapteinen beda um godt ver, so refsing paa den vis sagta ikkje hev vore etter reglementet.

Etter alt det me kann skyna, hev likevel umgjenget millom offiserar og soldatar vore tolelegt. Soleis hev visseleg kaptein Leegaard livt paa god fot med vossarne.

Verste naudi for soldaten var nok livemaaten og klædi. Knut Sæve hev soleis fortalt at svulten var deira verste fiende. Dei bruka aa blanda havremjøl og vatn saman til ein passeleg tjukk deig, og so laga dei kakor som dei steikte paa gløderne, glodhorpa dei kalla.

Soldatarne skulde faa 15 merker mjøl til manns kvar 3te dag, og so ein peil brennevin og litt tobak, eller ogso brød i staden for mjøl. Det suvl dei fekk var helst sild og turrfisk.

Med innhyset var det ikkje stort likare; det var nok ofte trongt og uhuglegt. Likevel hende det ofte at kaptein Leegaard budde saman med vossarne og aat med dei av glodhorporne.

Ein gong like fyrr jol var dei innhyste hjaa ein mann heitte Kristen Enger. Det var snilde og hyggjelege folk, so soldatarne gledde seg til ei god jol; men jolafta laut dei ut att, so joli vart nok ikkje so hugnadsam.

Hallvor Tverberg hev fortalt at det var ei jol dei var innhyste hjaa ein huslyd som ikkje aatte annan mat i huset enn potetor, og det vart daa heile jolekosten. Um sumaren aat dei seg ofte mette i rugaakrarne, so dei sakta ikkje hev vore kravfulle.

Um klædi hev Bjørn Kvaale m. a. fortalt, at dei laut skjera av frakkarne attantil for aa

faa bøter til broki, og offiserarne hev nok ikkje heller vore vel stelte med parådeuniformer. Kaptein Leegaard sa soleis skjemtande ein morgon han stod upp saman med soldatarne, at no kom bakenden til aa verta berr paa han.

Det var soleis ikkje aa undrast paa at det vart sjukdom av, og at dei fleste av dei som kom heimatt fekk ha minne i kroppen etter krigen so lenge dei livde.

Som me fyrr hev fortalt var dei ikkje mykje glade i den semja me fekk med Sverige, og folk elles her paa Voss var visst og aalmennt misnøgde. Som eit døme paa kor folk her tenkte i dei dagar er det fortalt, at daa Eirik Brekko kom ut av kyrkja etter peika fyrste sundagen etter unionen var godkjend, so sa han: »Ja no æ da ikkje mykje hugnad i aa koma i kyrkjo um sundagane heldo, ette dei ha tekje til aa be fy svenskekungen.«

* * *

Det vesle me her hev fortalt vonar me daa skal kunna hjelpa til aa friska upp minnet um gamlekararne fraa 1807—1814, og aa syna at forfederne hev ofra so mykje for fedraland og fridom, at me maa setja kravi høgt til oss sjølve, naar me vil vera deira rette søner.

Lars Hellesnes.

Retting.

Me hev fortalt um Nils Ullestad at han var far til skomakar Lars Vangen. Dette er nok ikkje rett. Han var verfar hans.

Andres Svelgane, som reiste til sønerne i Nordland paa sine gamle dagar, hadde nok skyldfolk att paa Voss ogso; han var soleis bestefar til Lars Oddmundson Haugo.

Ved avdukingi av veteranbautaen 17 mai 1905.

Tone: Der ligger et land.

Det strøymmer inn paa oss eit minne i dag,
det lyser imot oss fraa veiftande flag; —
me minnest ein dag for snart hundrad aar,
daa landet vart løyst utor trælekaar.

Og lenger attende me minnest endaa,
me minnest at av me var sovna i kraa.
Me minnest ein vetter so lang og laak,
daa Norig laag strøyppt under framandt øk.

Men daa dei med svikferd sku lekkja oss fast,
og surra vaar fridom med reip og med bast,
me hugsar at »bamsen« kraup fram or hi,
og sleit alle bandi og kom seg fri.

Daa federne stridde med mannelegt mod,
dei vaaga sitt liv og dei ofra sitt blod;
og heime sat kvende og born og svalt.
For Norig dei glad vilde lida alt.

Men deim som me serleg no her millom oss
maa minnast, er deim som var med ifraa Voss.
— Det var, som me hugsar, han langgodfar,
og det hev me høyrte han var »spræko kar». —

Dei hugheilt var med, og i striden gjekk fram,
og fridde oss ut ifraa trældom og skam;
og difor me takkar deim kvar og ein
og ærar deim med denne bautastein.

Til dyrverdigt minne for mann og for møy
um deim som for heimland var reide aa døy,
han standa her skal denne trauste gut
og herpilar senda aat bygdi ut.

Og skulde det henda — det Gud han forbjo
at Norig til vern skulde trenga vaart blod,
so vona me vil, me som langgodfar
kann vaaga vaart liv for vaar fedragard.

Men helst vil me Norig faa tena i *fred*,
i signadsrikt *arbeid* vaar kraft leggja ned,
so landet kann bløma i by og bygd,
og femna oss alle med heimetrygd.

Lorentz Nybø.